



Lokalmaten er delikat presentert

Har du smaka ramslaukost frå Myrdal gard på Tysnes eller raudvinspølse frå Rekdal? Hvis ikkje, bør du gjera det snarast, både fordi det smakar godt og fordi det er viktig å støtta lokal matproduksjon. Faktisk er det godt over 30 slags lokalmat no i hyllene til SPAR og der er lokalmaten presentert på ein innbydande måte. Korleis er det så med salet? Det går unna jamt og trutt, er svaret vi får av betjeningen.

I denne samanhengen er det Hordaland og Sogn og Fjordane vi reknar som lokalområde.

Vossingane får det til anten det er i idrett eller matproduksjon og deira produkt har ein spesiell posisjon også i lokalhyllene i butikken vår. Vi siktar her ikkje berre til klassikaren vossafår, men også ei lang liste med andre produkt:

Vossakjøtt lokkar soleis med skinkeknek, cabakossy grill, eldhusfår, vossamår original, eldhusbacon, boindekorv, vossakorv, grillkorv, hakkasteik spekeskinke, fenalår, lammegrill, vossaservelat og eldhusfår snabb.



vossingane får det til, men kva med ramslaukpuren?

Evanger har i hyllene til SPAR Evanger bacon, fenarull oppskuren, røykte fleskeknokar og Evangerkorv.

Lundal har ein spesiell posisjon her i området og hos SPAR finn ein frå produsenten i Åkrafjorden spekesnadder, spekeskinke, eldhusrøkt bacon, vestlandsmorr, eldhusrøkt salami, kryddersalami og Åkrafjordpølse

Rekdal har også reinsdyrpølse.

Bønnes har røykt bacon, Bønneskorv og kokt bayonneskinke og Nøring har ramslaukpure.

Myrdal satsar på ost og har ramslaukost, fjellost, kvit geitost, krydderost og pepperost i hylla. Også Jørnsberg har ost, i likheit med Tangen gård i Sogn. Spekemør heilt frå Geiranger er å finna i hyllene.

Denne oppramsinga gjer slett ikkje krav på å vera fullstendig, den byggar berre på ein rask glytt inn i hyllene.

Ein vil ellers merka seg at dei einaste verkeleg lokale produkta - altså dei frå Uskedalen - er frå Hjønnevåg. Friheim gardsmat er ikkje representert på SPAR. På brødsida finn ein produkt frå bakeriet på Sunde.

Av Ola Matti Mathisen



Har du smaka på osten frå Tysnes?